



Midt-Telemark kommune
Postboks 83
3833 BØ I TELEMARK

Samordning av statlege motsegner - motsegn fremmast - Midt-Telemark - kommunedelplan for Lifjell 2024-2033

Vi viser til oversending av reguleringsplan datert 02.04.24.

Vi viser også til brev frå Statsforvaltaren til kommunane 16.01.18 der det blir informert om at Regjeringas forsøksprosjekt med samordning av statlege motsegn har blitt ei permanent nasjonal ordning. Kommunal- og moderniseringsdepartementet ga føringar på at Statsforvaltaren kan avskjera motsegn som:

- ikkje er grunnlagt i nasjonale eller vesentlege regionale interesser eller av vesentleg betydning for vedkommande organs saksområde, jf. pbl § 5-4 første ledd
- er fremja etter høyringsfristen, jf. pbl § 5-4 siste ledd
- har vore eller kunne vore fremja tidlegare, jf. pbl § 5-5 første ledd
- er fremja utan at statsetaten har delteke i planprosessen, jf. pbl § 5-5 siste ledd
- er motstridande og hindrar kommunen i å fatta planvedtak

Saka gjeld

Saka gjeld offentleg ettersyn av forslag til kommunedelplan for Lifjell 2024-2033 i Midt-Telemark kommune. Kommunedelplanen viser hovudtrekk i arealdisponering og sett rammer for kva tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, samt omsyna som må takast i vare ved disponering av areala. Forslaget til kommunedelplan vil erstatte gjeldande kommunedelplan som ble vedtatt 24.02.2014.

Statsforvaltarens kompetanse

Statsforvaltaren har fått eit delt ansvar i sakar om motsegn. Statsforvaltaren som fagstyresmakt skal sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, landbruk, samfunnstryggleik, helse og sosial og interessene til barn og unge, medan Statsforvaltaren som samordningsstyresmakt skal sjå til at innvendingar også frå andre statlege fagetatar er tydeleg forankra i lov, forskrift eller retningslinje. Statsforvaltaren skal gjennomføra ei samla vurdering av alle innvendingane og ta stilling til kva som skal fremjast. Det er den enkelte fagetaten som har myndigheit til å fremja innvendinga, men Statsforvaltaren har myndigheit til å avskjera ho. I dette brevet opptrer Statsforvaltaren som samordningsstyresmakt.



Samordning av motsegner

Det er fremja innvending frå direktør for Miljøavdelinga ved Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (frå no av kalla Miljødirektøren), og frå NVE.

NVE

NVE skriv at grunnlaget for motsegn er at «det er lagt inn eit område i kommunedelplanen som er skredutsett der det er opna for fritidsbustader utan at skredfaren er avklara. Det er heller ikkje strenge nok føresegner som hindrar nye tiltak og fortetting i eksisterande område. Det er òg brukt gamle snøaktsemdkart som grunnlag for omsynssone skred». NVE visar mellom anna til føresegna som gjeld for omsynssone for skred, § 3.1.1 og §1.17. NVE påpeikar at desse føresegna ikkje sikrar busetnaden mot skredfare i tilstrekkeleg grad. Avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå og ikkje skyvast til byggjesaka. I tillegg peikar NVE på at kommunen ikkje har brukt oppdatert kunnskap om naturfare; nye aktsemdkart for snøskred blei publiserte 22.06.23.

Statsforvaltaren har ikkje funne grunn til å avskjera motsegna. Planforslaget strir mot dei nasjonale interessene som NVE er sett til å vareta. Motsegna er konkret, grunngitt og viser til heimelsgrunnlaget. NVE har klarlagt kva som skal til for at motsegna kan trekkjast; «For at grunnlaget til motsegna skal falle bort må Midt-Telemark kommune anten syte for at det blir lagt plankrav på det aktuelle området, eller at skredfaren bli avklara i ei fagleg vurdering før planvedtak, eller at området blir tatt ut av planen. Det må stå tydeleg i føresegnene at fortetting og ny utbygging i skredutsette område ikkje er tillate. Det må òg brukast nye snøaktsemdkart som grunnlag for omsynssone skred».

På vegner av NVE blir motsegna oversend i sin heilheit. Det blir vist til vedlagde brev frå NVE datert 23.05.24 for nærare grunngiving.

Miljødirektøren

Miljødirektøren har fremja desse motsegnene:

- FB7, Jønnbuseter – naturmangfald
- FB8, Kalveliane – naturmangfald
- FB11 (tidlegare H9) – naturmangfald og myr
- FB16 (tidlegare H12) – naturmangfald
- FB19 (tidlegare H8) – naturmangfald og myr
- FB20 (tidlegare S1) – myr
- FB21, Grostul – naturmangfald og myr
- FTU – Tjønna ved hovedparkering – verna vassdrag

Reguleringsplanen legg til rette for utbygging innanfor område som inneheld naturverdiar av nasjonal interesse. I tillegg blir det opna for utbygging på myr, som vil føra til store klimagassutslepp, i tillegg til at myra mistar evna til å lagra karbon og handtera store nedbørsmengder. Det visast til brevet frå Miljødirektøren for meir detaljert gjennomgang av grunnlaget for motsegn.

Statsforvaltaren har ikkje funne grunn til å avskjera motsegna. Planforslaget strir mot dei nasjonale interessene som Miljødirektøren er sett til å vareta. Motsegna er konkret, grunngitt og viser til heimelsgrunnlaget. Miljødirektøren har klarlagt kva som skal til for at kvart einskild motsegn kan trekkjast. Motsegna er også fremma rettidig, jf. plan- og bygningsloven § 5-5, første ledd. Det har komme ny vesentleg kunnskap om naturverdiane etter vedtak av kommuneplanen. Det har også



komme strengere føringar for varetaking av natur og areal som er eigna for karbonlagring og handtering av klimaendringar.

Konklusjon

Statsforvaltaren finn at reguleringsforslaget strir mot dei nasjonale interessene som NVE og Miljødirektøren er satt til å vareta. Motsegna frå blir i sin heilheit fremja.

Videre prosess

Kommunen og motsegnsstyresmaktene blir oppmoda til å arbeida aktivt for å finna løysingar. Dersom partane blir samde, er det motsegnsstyresmaktene sjølv som har myndigheit til å trekkja motsegnene.

Dersom partane ikkje blir samde, skal saka fremjast for mekling etter dei ordinære rutinane.

Med helsing

Olav Sandlund (e.f.)
fungerande assisterande statsforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Innsigelse - Midt-Telemark - kommunedelplan for Lifjell 2024 - 2033
- 2 Innsigelse - Midt-Telemark - kommunedelplan for Lifjell 2024 - 2033

Kopi til:

Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Statens vegvesen - Transport og samfunn	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR
Postboks 2076
3103 TØNSBERG

Vår dato: 17.06.2024

Vår ref.: 202206391-10 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 24/98-12

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

NVE fremjer motsegn - Offentleg ettersyn - Kommunedelplan for Lifjell 2024-2033 - Midt-Telemark kommune

Vi viser til brev datert 10.04.2024. Saka gjeld høyring og offentleg ettersyn av forslag til Kommunedelplan for Lifjell 2024-2033 - Midt-Telemark kommune. Planen vil erstatte gjeldande kommunedelplan for Lifjell. Planen følger opp langsiktige mål og arealstrategiar i samfunnsdelen av kommuneplanen og er i hovudsak utarbeidd i tråd med vedteke planprogram. Statsforvaltaren og NVE har fått utsett frist til 21.06.2024.

NVE har motsegn (jf. pbl § 5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er at det er lagt inn eit område i kommunedelplanen som er skredutsett der det er opna for fritidsbustader utan at skredfaren er avklara. Det er heller ikkje strenge nok føresegnar som hindrar nye tiltak og fortetting i eksisterande område. Det er òg brukt gamle snøaktsemdkart som grunnlag for omsynssone skred.

For at grunnlaget til motsegna skal falle bort må Midt-Telemark kommune anten syte for at det blir lagt plankrav på det aktuelle området, eller at skredfaren bli avklara i ei fagleg vurdering før planvedtak, eller at området blir tatt ut av planen. Det må stå tydeleg i føresegnene at fortetting og ny utbygging i skredutsette område ikkje er tillate. Det må òg brukast nye snøaktsemdkart som grunnlag for omsynssone skred.

Grunnlaget for motsegna er skildra i NVE rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strom (urbanhydrologi). NVE gir råd



og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVEs motsegn

Det er gjort mykje godt arbeid i med KDP Lifjell. NVE har likevel motsegn til desse forholda:

Skredfare i bratt terreng

Det står i planomtala i punkt 3.5.3 *Tryggleik for flaum og skred*: «Det er ikkje lagt opp til nye utbyggingsområde i område som er kartlagt som faresone for flaum eller skred, eller i aktsemdsområde. Etter vedtaket i formannskapet den 11.03.24, er det framleis eit område for fritidsbustad som ligg i faresone for skred.»

Skredfare er lagt inn som omsynssoner i plankartet og det er gitt føresegner til omsynssonene i § 3.1.1 for skred som seier:

- a) I byggesaker og reguleringsplanar skal skredtryggleiken dokumenterast av fagperson/-miljø med geofagleg kompetanse.
- b) Naudsynte sikringstiltak må vere gjennomført før det aktuelle tiltaket kan settast i verk.»

§ 1.17 *Samfunnstryggleik* seier:

- a) Tryggleik mot skred skal sikrast i reguleringsplanar. Der skredtryggleik ikkje er dokumentert i reguleringsplan skal det gjerast av ansvarleg føretak ved søknad om tiltak etter pbl § 20-1.
- b) For alle planar og tiltak i område som ligg innafor fareområde for skred skal eventuell førekomst av skred vurderast av fagperson. Vurderinga skal følgje planforslaget ved handsaming. Sikringstiltak må vere gjennomført før bygging.»

Vi ser det slik at føresegn 1.17 har til føremål å vareta sikkerheit mot skred ved eventuell fortetting og vidare utbygging i eksisterande område.

Avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Dette går klårt fram i [KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) side 12 der det heiter:

«Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt.»

Det betyr at dersom planen opnar for direkte utbygging eller fortetting, utan krav om reguleringsplan, må reell fare vere avklart i samanheng med arbeidet med arealdelen (KPA) eller kommunedelplan.



NVE viser til det som står i planomtala i punkt 3.5.3 *Tryggleik for flaum og skred*, og som er sitert ovanfor. I område der det er opna for fritidsbustader og som er skredutsett, må anten skredfaren bli avklara i ei fagleg vurdering før planvedtak, eller må det blir lagt plankrav på området.

Vi viser til føresegn 1.17 som har til føremål å vareta sikkerheit mot skred ved eventuell fortetting og vidare utbygging i eksisterande område. NVE meiner at det må stå tydeleg i føresegna at anna utbygging enn S1-tiltak er ikkje tillate i eksisterande område som er skredutsett. I føresegn 1.1.2a må det stå tydeleg at unntak frå plankrav ikkje gjeld viss tomte er skredutsett.

NVE har grunnlag for motsegn når det er opna for fritidsbustader i område som er skredutsett utan at skredfaren er vurdert og avklara, og fremjer difor **motsegn** på dette punktet.

Nye snøaktsemdkart må brukast som grunnlag for omsynssone skred

NVE publiserte nye aktsemdkart for snøskred 22.06.2023, med og utan skogeffekt. Desse er landsdekkande og har ei ny og betre modellering enn dei gamle aktsemdkarta (frå 2010). Aktsemdområda er nokre stader annleis enn på dei gamle karta. Dette gjeld for Lifjellområdet.

Kartlaget *S3_snoskred- Aktsomhetsområde* i [NVEs Temakart](#) og [NVE Atlas](#), kombinerer aktsemdkarta frå 2010 og 2023. NVE rår til å bruke det som grunnlag for omsynssone for snøskred i kommuneplanen sin arealdel/ kommunedelplan i kombinasjon med aktsemdkart for steinsprang og jord- og flaumskred, der desse går lengre.

I forslag til KDP for Lifjell har kommunen nytta dei gamle aktsemdkarta (frå 2010) som grunnlag for aktsemdkart for skred i bratt terreng. Midt-Telemark kommunen har i e-post datert 22.05.2024 stadfesta at de vil nytte dei nye snøaktsemdkarta. NVE har likevel motsegn for å sikre at det nye snøaktsemdkartet blir nytta som grunnlag for omsynssone skred. Kommunen må bruke snøaktsemdkartet i kombinasjon med aktsemdkart for steinsprang og jordskred der dei går lenger enn snøaktsemdkartet. NVE har grunnlag for motsegn når det er brukt gamle aktsemdkart som grunnlag for omsynssone skred, og fremjer difor **motsegn** på dette punktet.

NVE har utarbeidd ei [kartbasert rettleiing for kommuneplanen sin arealdel](#). Rettleiinga punkt 7 og 8 gir ei trinnvis rettleiing for korleis de kan identifisere aktsemd- og fareområde for skred i bratt terreng.

For meir informasjon om aktsemdkart for snøskred, sjå [Aktsemdkart for snøskred 2023 - NVE](#) og [Kartbasert rettleiar for kommuneplanens arealdel](#) punkt 7 og 8.

For område som berre ligg innanfor aktsemdområde for snøskred, og utanfor aktsemdområde for andre skredtypar i bratt terreng, kan ein for sikkerheitsklasse S1 og S2 i TEK17 § 7-3, redusere aktsemdområdet for snøskred basert på effekten av skogen på løyseområda. Viss denne vurderinga ikkje friskmelder området, er det krav om ei fagleg



vurdering (skredrapport) før vedtak av reguleringsplan. NVEs rettleier [kartlegging av skredfare i bratt terreng](#) er tilrådd å bruke i utgreiinga.

NVEs [Kartbaserte rettleiing for reguleringsplan](#), punkt 9, 10 og 11 gir meir informasjonen som de kan ta inn i føresegn til omsynssone for skred i kommunedelplanen.

I føresegna til omsynssone for skred i § 3.1.1 er det vist til at ein fagperson må gjere ei utgreiing. Dette kan vere for strengt sidan det kan gjerast enkle vurderingar som reduserer fareområda, som omtala over.

I avsnittet «Retningsline», er det vist til «NVE sin gjeldande rettleiarar (p.d.d. rettleiar 1/2019).» Dette blir feil sidan 1/2019 er NVEs kvikkleirerettleiar. Her må de vise til NVEs nettbaserte rettleier [kartlegging av skredfare i bratt terreng](#).

NVE har motsegn til Kommunedelplan for Lifjell 2024-2033 fordi skredfare ikkje er godt nok vurdert og innarbeidd i planen, jf. pbl § 28-1 og TEK17 § 7-3. Det er lagt inn eit område i kommunedelplanen som er skredutsett der det er opna for fritidsbustader utan at skredfaren er avklara. Det er heller ikkje strenge nok føresegner som hindrar ny tiltak og fortetting i eksisterande område. Det er òg brukt gamle snøaktsemdkart som grunnlag for omsynssone skred.

For at grunnlaget til motsegna skal falle bort må Midt-Telemark kommune anten syte for at det blir lagt plankrav på det aktuelle området, eller at skredfaren bli avklara i ei fagleg vurdering før planvedtak, eller at området blir tatt ut av planen. Det må stå tydeleg i føresegnene at fortetting og ny utbygging i skredutsette område ikkje er tillate. Det må òg brukast nye snøaktsemdkart som grunnlag for omsynssone skred.

NVEs faglege råd

NVE gir eit sterkt fagleg råd om at det i føresegna til flaumvegane blir sett krav om at det ikkje er tillate med tiltak som stenger flaumvegane.

NVE gir eit fagleg råd om å konkretisere føresegna med at tiltak i verneområdet skal vurderast opp mot vernegrunnlaget og rikspolitiske retningsliner.

Flaumfare

I føresegna til omsynssonene for flaum, § 3.1.2, står det mellom anna: «Mindre tiltak skal vere sikra mot 20-årsflaum». NVE rår til at det blir presisert at dette gjeld tiltak som fell inn under sikkerheitsklasse F1.

I avsnittet «Retningsline», rår vi til å vise til NVE rettleiar [3/2022 Sikkerhet mot flom](#) (der det gitt råd for kartlegging av flaumfare på ulike plannivå med mest fokus på kartlegging



av reell flaumfare) og rettleiaren [3/2015 Flaumfare i bekker](#) (som gir råd om korleis de kan identifisere og kartlegge flaumutsette område langs bekkar).

Vi gjer merksam på at rett referanse i TEK17 til flaum er TEK17 § 7-2.

Overvasshandtering

Overvasshandtering er omtala i planomtala punkt 3.5.2: «Overvatn skal handterast med trestegsprinsippet. Naturlege flaumvegar skal takast vare på (føresegnene 1.5.2). Det skal ikkje byggast på myr og våtmark, og opne strekningar for elver, bekkar, vatn og dammar skal haldast opne (føresegnene 1.16 a og f).»

Det er gitt gode føresegner om overvatn og overvasshandtering i føresegnene 1.5.2, 1.5.3, 1.5.4 og 1.16a og f.

Det er sett krav om opne løysingar. Vi gjer merksam på at dersom andre løysingar blir valde, skal det grunngjevast kvifor naturbaserte løysingar blir valde bort, sjå [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing – Lovdata](#), dei to siste avsnitta i kap. 4.

Det er laga eit notat om «Avrenningslinjer i KDP Lifjell» av Sweco datert 23.05.2023, der det mellom anna står: «Disse avrenningslinjene er vist i plankartet og gir en grov oversikt over avrenningslinjer som potensielt kan lede større vannmengder til et område ved både mindre og større nedbørshendelser.»

Avrenningslinjene er vist i plankartet som fareområde flaumvegar H320_2. Vi legg til grunn at flaumvegane er samanhengande og leier overvatnet trygt gjennom byggeområde, heilt fram til ein resipient med tilstrekkeleg kapasitet. Det er gitt føresegn til flaumvegane i § 3.1.3. Det er svært positivt at kommunen har gjort dette. Men NVE meiner at føresegna må vere tydelegare og sette krav om at det ikkje er tillate med tiltak som stenger flaumvegane.

Vi viser til [NVE 4/2022 Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar](#) og særleg kapittel 4.4.2 *Arealdelen av kommuneplanen*. NVE har også publisert rettleiar [2/2023 Kartlegging av fare for overvann](#) som kan være til nytte i arbeidet.

NVE gir eit **sterkt fagleg råd** om at det i føresegna til flaumvegane § 3.1.3 må bli sett krav om at det ikkje er tillate med tiltak som stenger flaumvegane. Kommunen bør vurdere om det er kritiske område som er omtala i notatet frå Sweco som må bli markert i plankartet. Vi viser til tabell 4.5 i rettleiaren som viser lovheimlar som er relevante for overvatn i kommunedelplan.

Verna vassdrag

Det er verna vassdrag i kommunen. Vernegrnlaget for Lifjellområdet er: «Vassdragsobjektet, som består av flere mindre sidevassdrag, ligger i Skiensvassdragets midtre deler. Området er attraktivt og variert med store høydeforskjeller fra høyfjell til



lavland. Botanikk og landfauna inngår som viktige deler av naturmangfoldet. Viktig for friluftslivet. Nærhet til større tettsteder. Restfelt i et ellers sterkt vannkraftutbygget område.»

Det er laga eit notat: «Verna vassdrag og kommunedelplan Lifjell – sep. 2023»

Vernegrunnlaget og dei rikspolitiske retningslinene for verna vassdrag skal leggjast til grunn når kommunen skal fastsette føresegner til planen. Ein skal unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø. Retningslinene gjeld hovudelv, sideelvar, større bekker, sjø og tjern og eit område på inntil 100 m bredde på sidene av desse. Tiltak må ikkje kome i konflikt med vernegrunnlaget for vassdraget. Verna område kan visast som omsynssone *bandlegging etter anna lovverk*.

Det står i føresegnene 1.16 g: «Verneplan for vassdrag ligg i store delar av området. Vernegrunnlag for 06/16 Lifjellområdet og rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag skal leggjast til grunn for godkjenning av søknader i dette området.»

NVE gir eit **fagleg råd** om å konkretisere føresegna med at tiltak i verneområdet skal vurderast opp mot vernegrunnlaget og rikspolitiske retningslinjer.

Prosesen vidare

Når det blir fremja motsegn til planen betyr det at de ikkje kan eigengodkjenne den med rettsverknad før grunnlaget for motsegna har falle bort.

NVE si erfaring er at det er nyttig med dialog mellom oss og kommunen når det blir arbeid med å kome motsegner i møte. Vi oppmodar dykk difor om å ta kontakt. De same må de gjere dersom de har spørsmål til motsegna, eller til andre faglege råd i dette brevet. Dersom de vel å etterkome våre motsegnpunkt må de endre planen slik som skildra ovanfor.

Når de har endra planframlegget, eventuelt på grunnlag av nye utgreiingar, sender de både plandokument og utgreiingar til oss. Dette materialet kan de sende oss som vedlegg til eit brev der de ber oss om å trekke motsegna på grunnlag av endringar i plan/nye utgreiingar. Det er viktig at de i oversendingsbrevet gjere greie for kva endringar som er gjort i plandokumenta, og på kva grunnlag endringane er gjort.

Dersom de ikkje vel å etterkome våre motsegnpunkt kan de be om mekling hjå Statsforvaltaren, jf. pbl § 5-6.

Vi minner om at Statsforvaltaren har fått mynde til å samordne statlege motsegner, og på visse vilkår avskjere dei.



Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR

Kopimottakarar:

Midt-Telemark kommune



MIDT-TELEMARK KOMMUNE
Bøgata 67
3800 BØ I TELEMARK

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tonje Katrine Vaage, 33372350

Uttale med motsegn - Midt-Telemark - kommunedelplan for Lifjell 2024 – 2033

Statsforvaltaren ved miljødirektøren vurderer at fleire av områda i planforslaget kommer i alvorleg konflikt med nasjonale interesser som vi skal teke i vare, jf. rundskriv T-2/16. Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 har miljødirektøren motsegn til følgende område:

- **FB7, Jønnbuseter** – naturmangfald
- **FB8, Kalveliane** – naturmangfald
- **FB11 (tidlegare H9)** – naturmangfald og myr
- **FB16 (tidlegare H12)** – naturmangfald
- **FB19 (tidlegare H8)** – naturmangfald og myr
- **FB20 (tidlegare S1)** – myr
- **FB21, Grostul** – naturmangfald og myr
- **FTU – Tjønna ved hovedparkering** – verna vassdrag

Vi viser til oversending frå Midt-Telemark kommune datert 10.04.2024. Statsforvaltaren har fått frist til uttale til 21.06.2024.

1. Saka gjeld

Saka gjeld offentleg ettersyn av forslag til kommunedelplan for Lifjell 2024-2033 i Midt-Telemark kommune. Kommunedelplanen viser hovudtrekk i arealdisponering og sett rammer for kva tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, samt omsyna som må tekest i vare ved disponering av areala. Forslaget til kommunedelplan vil erstatte gjeldande kommunedelplan som ble vedtatt 24.02.2014. Planen følger opp langsiktige mål og arealstrategiar i samfunnsdelen til kommuneplanen, og er i hovudsak utarbeidd i tråd med planprogram vedtatt av kommunestyret 24.10.2022.

2. Rolla til Statsforvaltaren sine fagavdelingar

Statsforvaltaren sine fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningslova § 3-2 sjå til at planer ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser og gravplassar. I medhald av plan- og



bygningslova § 5-4 kan Statsforvaltaren ved fagavdelingane fremme motsegn til en plan, dersom den er i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser vi er satt til å ivareta.

3. Overordna vurdering av planforslaget

Miljødirektøren ønsker innleiingsvis å rose kommunen for et godt og grundig arbeid med revidering av kommunedelplanen for Lifjell. Planen følger i stor grad opp viktige nasjonale føringer for kommunal planlegging, slik som mellom anna ivaretaking av myr, samt vurdering og revisjon av tidlegare godkjend arealbruk. Det er også svært positivt at det er blitt gjennomført ei oppdatert kartlegging av naturtypar og myr innanfor store deler av planområdet i tilknytning med planarbeidet. Et oppdatert kunnskapsgrunnlag er en viktig forutsetning for kommunen sitt arbeid med forvaltning av areal, og det er derfor positivt å sjå at kunnskapen i hovudsak er blitt lagt til grunn for kommunens vurderingar.

Videre ønsker miljødirektøren å trekke frem føresegn 1.16 om blå og grønne naturverdiar, som i stor grad følger opp nasjonale forventningar om kommunane sitt ansvar for å teke i vare viktige naturverdiar. Mellom anna er det innarbeidd et forbod mot tiltak på myr i føresegn 1.16 a), noko som er et viktig grep som følger opp regjeringa si forventning nr. 48 og nr. 57 i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027*. I forventning nr. 57 skriv også regjeringa at kommunen må vurdere potensialet for fortetting eller utviding av eksisterande fritidsbustadområde før det blir lagt til rette for utbygging i nye område, særleg der det er utbyggingspress. Av planomtalen kjem det fram at kommunen har vektlagt dette i arbeidet sitt med revidering av kommunedelplanen, både ved vurdering av innkomne innspel, men også ved revidering av tidlegare vedtatt arealbruk.

Av planomtalen kjem det fram at kommunen har teke ut fleire utbyggingsområde og endra disse til føremåla LNF eller LNF-spreidd, noko som er i tråd med regjeringa si forventning nr. 47. I følge dette punktet forventar regjeringa at kommunen ved revidering av kommuneplanens arealdel vurderer om «tidligere godkjent arealbruk skal endres av hensyn til klima, naturmangfold, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnssikkerhet og et hensiktsmessig utbyggingsmønster». Miljødirektøren ønsker å trekke fram særleg områda FB9 (deler av Solskinsdalen) og FB14 (Solskinsdalen) som gode døme på revidering av arealplanar i lys av dei nasjonale forventningane og i samsvar med et oppdatert kunnskapsgrunnlag.

Sjølv om det er gjort et grundig arbeid med utarbeiding av planforslaget står det likevel igjen områder som er i konflikt med nasjonale interesser. Grunngivinga for motsegna frå miljødirektøren kjem fram av de følgjande kapitla.

4. Motsegn til planforslaget

4.1 Naturmangfald

Miljødirektøren har i medhald av plan- og bygningslova § 5-4 første ledd motsegn til følgjande område:

- a. FB7, Jønnbuseter
- b. FB8, Kalveliane
- c. FB11 (tidlegare H9)
- d. FB16 (tidlegare H12)
- e. FB19 (tidlegare H8)
- f. FB21, Grostul



Motsegna gjeld delane av områda som er i konflikt med registrerte naturverdiar av nasjonal interesse. For område FB11 (tidlegare H9) har miljødirektøren også motsegn til utbyggingsformål i konflikt med omsynssone H560_2 i plankart. Grunnlaget for motsegna er at miljødirektøren finn at områda med sikkerheit eller mest sannsynleg kommer i alvorleg konflikt med naturverdiar av nasjonal interesse, slik disse er beskrevet i rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet* (Klima- og miljødepartementet, 2021). Dei enkelte områda er vurdert nærmare i dette kapitlet.

Miljødirektøren ønsker å trekke fram at det generelt er et godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag knytt til naturverdiar i planområdet. Store deler av dei sentrale områda på Lifjell ble kartlagt etter Miljødirektoratets instruks (NIN) i 2023, og fleire av utbyggingsområda i planen er godt tilpassa funna frå kartlegginga. Det er likevel fleire utbyggingsområde som ikkje sikrar omsynet til dei registrerte naturverdiane i tilstrekkeleg grad. Felles for fleire av disse områda er at det enten gjeld vidareføring av tidlegare avklart utbyggingsareal, eller endra utbyggingsformål. På grunn av dette har det ikkje blitt utarbeidd ei konsekvensutgreiing med utgangspunkt i oppdatert kunnskap for naturmangfald for disse utbyggingsområda. Vurdering av konsekvensar for naturverdiar er viktig for å avklare om kommunens ønske for bruk av areala kan gjennomførast utan at det er i strid med gjeldande føringar. Det er derfor uheldig at den oppdaterte kunnskapen ikkje er tilstrekkeleg vektlagt i vurderinga av dei planlagte utbyggingsområda.

Miljøavdelinga har vurdert dei enkelte områda, inkludert område som tidlegare er avklart til utbyggingsformål. I fleire av områda er det kartlagt naturtypar av nasjonal eller viktig regional verdi etter anerkjent metodikk. Motsegna er knytt til konflikt med registrerte naturverdiar. Miljødirektøren vil påpeike at det berre blir fremma motsegn til dei områda der direktøren har funne at konflikten med registrerte naturverdiar av nasjonal eller vesentleg regional interesse er så stor at det lokale sjølvstyret må vike. Miljødirektøren vil også trekke fram at gjeldande kommuneplan er meir enn 10 år gammal, og områda der miljødirektøren har motsegn er ikkje utbygd ennå. På bakgrunn av dette vurderer miljødirektøren at grunnlaget til å fremme motsegn til områder der utbyggingsformål er ført vidare frå gjeldande plan er til stede, jf. plan- og bygningslova § 5-5.

Nærare grunningiving for motsegna:

FB7, Jønnbuseter og FB8, Kalveliane

Deler av området FB7 er foreslått endra frå fritidsbustadformål til LNF-formål for å sikre omsynet til naturtypen *naturbeitemark*. Vest i område FB7 er det registrert en førekomst av den same naturtypen på eigendommen gbnr. 9/201, innanfor areal som er foreslått vidareført med fritidsbustadformål frå gjeldande kommunedelplan. Det er også registrert en førekomst av naturtypen sør for dei to andre lokalitetane i nærleiken. Denne ligger på eigendommen gbnr. 9/38 innanfor område FB8, som er foreslått endra frå samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur til fritidsbustadformål. Førekomstane av naturbeitemark i området ble kartlagt 07. juli 2023, og publisert i Naturbase frå Miljødirektoratet 26. februar 2024.

Naturtypen har status som sårbar (VU) på den norske raudlista for naturtypar, samt sentral økosystemfunksjon etter NIN. I samsvar med rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet*, punkt 3.6, er naturtypen omfatta av den nasjonale miljøpolitikken, og det er dermed ei nasjonal interesse å ta vare på førekomstane av denne. Naturbeitemark er en semi-naturlig eng, som omfattar engprega økosystem som er forma gjennom hevd over lang tid. Naturtypen er avhengig av skjøtsel i form av beiting, slått eller en kombinasjon av disse, og mangel på skjøtsel er derfor en av de viktigaste årsakene til en betydeleg reduksjon av utbredelsen til naturtypen dei siste 50 årene. I område der det ikkje lenger drives skjøtsel og naturtypen er blitt



forringet er det likevel i mange tilfelle moglegheit for restaurering av naturtypen. Denne moglegheita vil forsvinne dersom førekomstane ligg i areal med utbyggingsformål i planar.

Miljødirektøren vurderer at vidareføring av utbyggingsformål i område med naturbeitemark vil medføre tap av to førekomstar av den sårbare naturtypen. Miljødirektøren har vurdert dei andre samfunnsinteressene i saka, samt omsynet til det lokale sjølvstyret. Etter det miljødirektøren kan sjå har ikkje kommunen beskrive lokal omsyn eller samfunnsnytte som veier tyngre enn omsynet til naturverdiar av nasjonal interesse. Miljødirektøren vurderer i lys av dette at dei andre interessene i saka må vike for omsynet til dei registrerte lokalitetane med naturbeitemark. Miljødirektøren vektlegg i sin vurdering at det er lagt frem ny og oppdatert kunnskap om naturverdiar som er i konflikt med foreslått vidareført utbyggingsformål.

Miljødirektøren noterer samtidig at dei registrerte lokalitetane ligger innanfor område med vedtatt detaljregulering, der kommunedelplanen i følge føresegn 1.2 b) skal gjelde før reguleringsplan. Miljødirektøren viser her til vurderinga av føresegn til kommunedelplanen under kapittel 5 med faglege råd og merknader.

Motsegna kan løysast ved at dei to lokalitetane med naturbeitemark blir endra frå fritidsbustadformål til LNF-formål med tilhøyrande føresegn for å sikre omsynet til naturtypen. Samtidig må areala markerast med omsynssone for bevaring av naturmiljø med tilhøyrande retningslinje. Miljødirektøren legg til grunn at gjeldande reguleringsplanar blir oppheve ved en seinare prosess.

FB11 (tidlegare H9)

Område FB11 (tidlegare H9) ligg ved Torillbekk, og er etter vedtak i formannskapet foreslått vidareført som fritidsbustadformål. Deler av området i øst er foreslått endra til areal for spreidd fritidsbustad (LSF-formål). I planomtalen står det at området har en teoretisk planreserve på omtrent 22 nye fritidsbustader. Innanfor eigendommen gbnr. 9/111 er område FB11 omfatta av detaljregulering for hytteområdet H9 på Lifjell (planID 04562017), som ble vedtatt 21.06.2021. I samsvar med føresegnene punkt 1.2 gjelder reguleringsplanen framfor kommunedelplanen ved motstrid.

Eigendommen gbnr 9/111 grenser til, og overlappar delvis med, en registrert førekomst av naturtypen *Rik gransumpskog* med høy kvalitet. Lokaliteten ble kartlagt 05. juli 2023, og publisert i Naturbase 26. februar 2024. Naturtypen er kategorisert som sterkt trua (EN) på den norske raudlista for naturtypar, og er dermed omfatta av den nasjonale miljøpolitikken, jf. rundskriv T-2/16, punkt 3.6. Naturtypen er sjeldan, og er svært utsett for grøfting og open hogst. Naturtypen skil seg frå andre rike sumpskogar med sin dominans av gran, som gir spesielle økologiske forhold.

I følge planomtale er det ikkje planlagt direkte inngrep i naturtypen, men det er planlagt fysiske inngrep i buffersona som strekker seg inn i utbyggingsområdet, samt i direkte nærheit til lokasjonen. Det kommer også fram av planomtala at det er planlagt en tur- eller skitrasé gjennom lokaliteten, som vil kunne ha store negative konsekvensar for den kartlagde naturtypen. Miljødirektøren vurderer at vidareføring av arealet til fritidsbustadformål vil kunne føre til skade av naturverdiar av nasjonal interesse. Dette gjelder også innanfor buffersona rundt naturtypen som er avsett med omsynssone H560_2, da inngrep i grunnen her vil kunne endre dei hydrologiske forholda og dermed påverke naturtypen negativt. Miljødirektøren vektlegg i sin vurdering at det er lagt frem ny og oppdatert kunnskap om naturverdiar som er i konflikt med foreslått vidareført utbyggingsformål.



Miljødirektøren har vurdert dei andre samfunnsinteressene i saka, samt omsynet til det lokale sjølvstyret. Etter det miljødirektøren kan sjå har ikkje kommunen beskrive lokal omsyn eller samfunnsnytte som veier tyngre enn omsynet til naturverdiar av nasjonal interesse. Miljødirektøren vurderer i lys av dette at dei andre interessene i saka må vike for omsynet til dei registrerte lokalitetane med naturbeitemark. I sin vurdering vektlegg miljødirektøren at det er komme ny og oppdatert kunnskap om naturverdiar som er i konflikt med foreslått vidareført utbyggingsformål. Det blir også lagt vekt på at naturtypen er sterkt trua og har høg kvalitet.

Motsegn til området frå miljødirektøren kan løysast ved arealet som inngår i omsynssonen rundt naturtypen blir endra frå fritidsbustadformål til LNF-formål slik at intensjonen bak omsynssona og tilhøyrande retningslinje samsvarer med arealkartet. Omsynet til naturtypen må sikrast i tilhøyrande føresegn til arealformålet, samt i retningslinje for omsynssonen. Videre må kommunen sikre at naturtypen også blir teke i vare i gjeldande reguleringsplan, til dømes ved at kommunedelplanen skal gjelde før reguleringsplan ved motstrid. Miljødirektøren forventar samtidig at det ikkje etablerast nye løypetraséar som kommer i konflikt med naturtypar av nasjonal interesse i tråd med retningslinje 3.2.3.

FB16 (tidlegare H12)

Område FB16 (tidlegare H12) ligger langs Lifjellvegen sør-øst i planområdet, og er forslått vidareført frå gjeldande kommunedelplan som fritidsbustadformål. I planomtalen står det at området har en teoretisk planreserve på omtrent 100 fritidsbustader. Området er i all hovudsak omfatta av detaljregulering for Torillstul/Håråldskar på Lifjell (planID 04512014). Reguleringsplanen ble vedtatt 28.04.2016. I samsvar med føresegnene punkt 1.2 gjelder reguleringsplanen framfor kommunedelplanen ved motstrid.

Øst i området er det registrert en førekomst av naturtypen *Gammel granskog med liggende død ved*, og en førekomst av *Gammel granskog med gamle trær*, begge med høg kvalitet. Lokalitetene ble kartlagt 04. juli 2023, og publisert i Naturbase 26. februar 2024. Naturtypene har sentral økosystemfunksjon, og er derfor regna som av nasjonal interesse, jf. rundskriv T-2/16 punkt 3.6. Begge lokalitetane består av grandominert skog utan spor eller slitasje frå menneskeleg aktivitet eller tyngre køyretøy. Det er heller ikkje registrert fremmande arter innanfor lokalitetane. Gammal skog med god tilgang på dødt virke er et viktig habitat for en lang rekke sjeldne og trua arter som er avhengig av de spesielle forholda som utviklar seg over tid i lite påverka naturområde. Det er derfor særleg viktig å ivareta naturtypen med den sentrale rolla den har i økosystemet.

I planomtala står det at naturtypelokalitetane bli øydelagt dersom reguleringsplanen i området blir realisert. Kommunen har vurdert at en opphevelse av reguleringsplanen vil kunne påverke pågåande utbygging, og gjere det svært utfordrande å finne en egna vegtrasé gjennom området. På bakgrunn av dette er området foreslått vidareført med utbyggingsformål. Miljødirektøren anerkjenner at det er utfordrande å tilpasse planforslaget til det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget i dette tilfellet. Miljødirektøren vil likevel trekke fram at området har en høg teoretisk planreserve for fritidsbustader, som i stor grad vil kunne realiserast samtidig som omsynet til dei kartlagde naturtypene blir sikra.

Miljødirektøren vurderer at vidareføring av utbyggingsformål i område med dei nemnde naturtypene vil føre til at førekomstane går tapt. Miljødirektøren har vurdert dei andre samfunnsinteressene i saka, samt omsynet til det lokale sjølvstyret. Etter det miljødirektøren kan sjå har ikkje kommunen beskrive lokal omsyn eller samfunnsnytte som veier tyngre enn omsynet til naturverdiar av nasjonal interesse. Miljødirektøren vurderer i lys av dette at dei andre interessene i saka må vike for omsynet til dei registrerte lokalitetane med *gammel granskog*. Miljødirektøren



vektlegg i sin vurdering at det er lagt frem ny og oppdatert kunnskap om naturverdiar som er i konflikt med foreslått vidareført utbyggingsformål.

Motsegn til området frå miljødirektøren kan løysast ved at lokalitetane med naturtypar av nasjonal interesse blir endra frå fritidsbustadformål til LNF-formål med tilhøyrande føresegn for å sikre omsynet til naturtypen. Samtidig må areala markerast med omsynssone for bevaring av naturmiljø med tilhøyrande retningslinje. Omsynssona må ha tilstrekkeleg avstand til areal med utbyggingsformål, og bør som et minimum ha same breidde som høgda på utvaksne tre i utkanten av naturtypeførekommstane.

Videre må kommunen sikre at naturtypen også blir teke i vare i gjeldande reguleringsplan, til dømes ved at kommunedelplanen skal gjelde før reguleringsplan ved motstrid.

FB19 (tidlegare H8)

Område FB19 (tidlegare H8) ligger ved Bøkstulliane nord i planområdet for kommunedelplanen, og er etter vedtak i formannskapet foreslått vidareført som fritidsbustadformål. I planomtalen står det at området har en teoretisk planreserve på omtrent 21 fritidsbustader. Området er i dag ikkje omfatta av reguleringsplan.

Øst i området er det registrert en førekommst av naturtypen *Gammel granskog med liggende død ved*, og en førekommst av *Gammel granskog med gamle trær*, begge med høy kvalitet. Lokalitetane ble kartlagt 04. juli 2023, og publisert i Naturbase 26. februar 2024. Naturtypane har sentral økosystemfunksjon, og er derfor regna som av nasjonal interesse, jf. rundskriv T-2/16 punkt 3.6. Begge lokalitetane er vurdert til å ha høg kvalitet, da de består av grandominert skog utan spor eller slitasje frå menneskeleg aktivitet eller tyngre køyretøy. Miljødirektøren viser til omtalen av naturtypane i vurderinga av område FB16 ovanfor i dette brevet.

Miljødirektøren vurderer at vidareføring av utbyggingsformål i område med dei nemnde naturtypane vil føre til at førekommstane går tapt. Miljødirektøren har vurdert dei andre samfunnsinteressene i saka, samt omsynet til det lokale sjølvstyret. Etter det miljødirektøren kan sjå har ikkje kommunen beskrive lokal omsyn eller samfunnsnytte som veier tyngre enn omsynet til naturverdiar av nasjonal interesse. Miljødirektøren vurderer i lys av dette at dei andre interessene i saka må vike for omsynet til dei registrerte lokalitetane med *gammel granskog*. Miljødirektøren vektlegg i sin vurdering at det er lagt frem ny og oppdatert kunnskap om naturverdiar som er i konflikt med foreslått vidareført utbyggingsformål.

Motsegn til området frå miljødirektøren kan løysast ved at lokalitetane med naturtypar av nasjonal interesse blir endra frå fritidsbustadformål til LNF-formål med tilhøyrande føresegn for å sikre omsynet til naturtypen. Samtidig må arealet markerast med omsynssone for bevaring av naturmiljø med tilhøyrande retningslinje i plankartet. Omsynssona må ha tilstrekkeleg avstand til areal med utbyggingsformål, og bør som et minimum ha same breidde som høgda på utvaksne tre i utkanten av naturtypeførekommstane.

FB21, Grostul

Området er på omtrent 45 dekar, og er foreslått endra frå LNF-formål og idrettsanlegg til fritidsbustadformål.

Vest i området er det registrert en førekommst av naturtypen *Gammel granskog med gamle trær*, med svært høy kvalitet. Førekommsten ble kartlagt 06. juli 2023 og publisert i Naturbase 26. februar 2024. Naturtypane har sentral økosystemfunksjon, og er derfor regna som av nasjonal interesse, jf. rundskriv T-2/16 punkt 3.6. Lokaliteten er i Naturbase frå Miljødirektoratet omtalt som storvaksne og



fleiraldra, med en del gran over 200 år og rikeleg med dødt virke. Videre er lokaliteten vurdert til å være lite påverka i nyare tid. Miljødirektøren viser til omtalen av naturtypen i vurderinga av område FB16 ovanfor i dette brevet.

Miljødirektøren vurderer at endring av arealformål frå LNF- til fritidsbustadformål i område med den kartlagde naturtypen vil føre til at førekomsten går tapt. Miljødirektøren har vurdert dei andre samfunnsinteressene i saka, samt omsynet til det lokale sjølvstyret. Etter det miljødirektøren kan sjå har ikkje kommunen beskrive lokal omsyn eller samfunnsnytte som veier tyngre enn omsynet til naturverdiar av nasjonal interesse. I konsekvensutgreiinga står det at området ikkje kunne tilrådest, da foreslått utbygging vil kunne få store negative konsekvensar for friluftsliv, utmarksbeite, naturverdiar og myr. Videre står det i planomtala at foreslått utbygging med fritidsbustader, tilhøyrande teknisk infrastruktur og løypetrasé vil føre til omfattande øydelegging av den registrerte naturtypen. Miljødirektøren vurderer i lys av dette at dei andre interessene i saka må vike for omsynet til naturtypen av nasjonal interesse.

Motsegn til området frå miljødirektøren kan løysast ved at lokaliteten med naturtype av nasjonal interesse blir vidareført som LNF-formål med tilhøyrande føresegn for å sikre omsynet til naturtypen. Samtidig må arealet markerast med omsynssone for bevaring av naturmiljø med tilhøyrande retningslinje i plankartet. Omsynssona må ha tilstrekkeleg avstand til areal med utbyggingsformål, og bør som et minimum ha same breidde som høgda på utvaksne tre i utkanten av naturtypeførekomstane.

4.2 Omsynssone H560_1 for myr og konflikt med utbyggingsformål – klima og klimatilpasning

Miljødirektøren har i medhald av plan- og bygningslova § 5-4 første ledd motsegn til følgjande område:

- a. FB11 (tidlegare H9)
- b. FB19 (tidlegare H8)
- c. FB20 (tidlegare S1)
- d. FB21, Grostul

Grunnlaget for motsegna er at miljødirektøren vurderer at områda kommer i alvorleg konflikt med Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (SPR-klima) ved at det blir lagt til rette for nedbygging av myr. Vi viser samtidig til rundskriv T-2/16 punkt 3.4 *Klima*.

Nærare grunngeving for motsegna til utbygging av myr:

Forslaget inneberer at områda FB11 og FB19 vidareføre med fritidsbustadformål frå gjeldande plan, og FB20 blir endra frå sentrumsformål til fritidsbustadformål. Område FB21 Grostul, er foreslått endra frå LNF-formål til fritidsbustadformål.

Som en del av planarbeidet ble sentrale deler av planområdet kartlagt for myr i juli 2023. Vedlagte fagrapport konkluderer med at planområdet er myrrikt, og er under press frå både ferdsel og utbygging. På bakgrunn av kartlegginga er det blitt satt en omsynssone for myr, H560_1 ved dei kartlagde myrførekomstane. Kommunen har også innarbeida føresegn om at tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 a, f, i, j, k, l og m ikkje er tillate på myr. Dette er gode plangrep som sikrar at omsynet til karbonrike areal blir teke i vare i stor grad. Det er derfor svært uheldig at disse plangrepa ikkje er følgt opp i plankartet, der det er foreslått både vidareføring og nye utbyggingsformål innanfor områder der det er komme frem ny kunnskap om viktige førekomstar av myr.



I klimaprofilen for Telemark, som er laga av norsk klimaservicesenter, står det at forventa klimaendringar vil føre til et særleg behov for tilpassing til kraftig nedbør. Det er også forventa økte utfordringar med overvann, slik som endringar i flaumforhold og flaumstørrelsar, samt jord- og flaumskred. Våtmark, myrer, elvebredder og skog kan dempe effektane av klimaendringar, og er dermed viktige å sikre i arealplanlegginga. SPR-klima punkt 4.3 niande avsnitt slår fast at det ved planlegging av nye områder for utbygging, fortetting eller transformasjon skal bli gjort en vurdering av korleis omsynet til et endra klima kan takast i vare. Videre bør det bli lagt vekt på gode heilskaplege løysningar og sikring av økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing.

I rundskriv T-2/16 punkt 3.4 om klima står det at motsegn til arealplanar skal vurderast ved avvik frå SPR-klima. Det står også at dersom «kommunen ikke har innarbeidet tiltak eller virkemidler for å redusere utslipp av klimagasser, ivareta klimatilpassing som hensyn, eller tiltak for mer effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging, i sine arealplaner» kan dette gi grunnlag for motsegn. Miljødirektøren vurderer at forslaget til kommunedelplan ikkje tar tilstrekkeleg omsyn til myr som tiltak for klimatilpassing.

I forbindelse med planarbeidet er det laga et klimagassregnskap, som viser at det nye planforslaget potensielt kan redusere den samla effekten av utslepp av CO₂ samanlikna med gjeldande plan. For områder med myr er likevel talet for utslepp høgare dersom planforslaget blir realisert enn for gjeldande plan. Ettersom områdene FB11, FB19 og FB20 ikkje er konsekvensutgreia, er det heller ikkje blitt rekna ut utslepp av CO₂ ved nedbygging av myr på disse areala. For FB21 er det anslått et totalt utslepp på 3 879 CO₂-ekv., der 2 429 tonn CO₂ ekv. vil være som et resultat av drenert eller nedbygd myr. Miljødirektøren vurderer på bakgrunn av dette at det ikkje er gjort tilstrekkeleg grep for å innarbeide tiltak som reduserer utslepp av klimagassar, jf. rundskriv T-2/16 punkt 3.4.

Myr og våtmark omtalast som karbonrike areal, og det er dermed et viktig klimatiltak å unngå nedbygging av denne typen areal. Vi viser til *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027*. Der står det i regjeringa si forventning nr. 48 at «omdisponering og nedbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typer våtmark og skog, unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes». Miljødirektøren vurderer at føresegn og omsynssoner ikkje sikrar myr som karbonlager og verkemiddel for klimatilpassing så lenge areala er satt av til utbyggingsformål. Arealformål i plankart skal gi avklaring av framtidig arealbruk, og ved å sette av myrområde til fritidsbustadformål vil en kunne gi forventingar til en framtidig utvikling som strider med føresegn til planen. Miljødirektøren vurderer derfor at det ikkje er tilstrekkeleg med en omsynssone rundt myrførekommstane, men at areala også må avsettast med grønt arealformål.

Miljødirektøren vurderer at de nemnte areala med fritidsbustadformål vil kunne komme i konflikt med viktige klimaomsyn som vi er satt til å ivareta. Miljødirektøren vektlegg i sin vurdering at det er lagt frem ny og oppdatert kunnskap om kartlagde myrområde som kommer i konflikt med foreslått vidareført utbyggingsformål. Miljødirektøren har vurdert dei andre samfunnsinteressene i saken, samt omsynet til det lokale sjølvstyret. Etter det miljødirektøren kan sjå har ikkje kommunen beskrive lokal omsyn eller samfunnsnytte som veier tyngre enn omsynet til klima og klimatilpassing.

Miljødirektøren sine motsegn kan løysast ved at areala med omsynssone H560_1 for myr blir endra frå fritidsbustadformål til LNF-formål med tilhøyrande føresegn for å sikre omsynet til klima og klimatilpassing. Videre må kommunen sikre at myrområda også blir teke i vare i gjeldande reguleringsplan i område der reguleringsplan gjeld før kommunedelplan, til dømes ved at kommunedelplanen skal gjelde før reguleringsplan ved motstrid.



4.3 Verna vassdrag – FTU, Tjønnå ved hovudparkering

Miljødirektøren har i medhald av plan- og bygningslova § 5-4 første ledd motsegn til området FTU – Tjønnå ved hovudparkering. Miljødirektøren vurderer at området kommer i alvorleg konflikt med omsynet til et vernet vassdrag, jf. rundskriv T-2/16 punkt 3.12 og forskrift om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Miljødirektøren viser samtidig til plan- og bygningslova § 1-8 første ledd.

Området Tjønnå ved hovudparkering (gbnr. 9/38) er på omtrent 6 daa, og er foreslått endra frå sentrumsformål og LNF-formål til Fritids- og turistformål. Hensikten med formålsendringa er å kunne legge til rette for leirstad og camping med tilhøyrande funksjoner som kiosk, sanitetsanlegg og overnattingar. I planomtala er det vurdert at formålsendringa innanfor området som er satt av til sentrumsformål i dag ikkje fører til et nytt konsekvensbilde.

Vassdragsnaturen i Lifjell ble verna mot kraftutbygging i 1986 som ledd i Stortingets verneplan III og utvida gjennom vernevedtak i 2005. Lifjellområdet er attraktivt med store høgdeforskjellar frå høg fjell til lågland, og botanikk og fauna inngår som viktige deler av naturmangfaldet. Verneområdet er omfatta av Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (RPR-VV) som legg føringar for forvaltninga av vassførekomstane og nedbørsfeltet og følger opp dei nasjonale måla for forvaltninga. Retningslinja gjeld for vassdragsbeltet, det vil si hovudelver, sideelver, større bekker, sjøar, tjern og et område på inntil 100 meters bredde langs sidene av disse, jf. RPR-VV punkt 1. I samsvar med punkt 3 bokstav a skal måla nås ved at det blir lagt særleg vekt på å gi grunnlag for å «unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminner og kulturmiljø». I planomtala står det at planområdet kan klassifiserast i klasse 2 eller 3 etter RPR-VV. Forvaltningsmåla for disse kategoriane er retta mot å ivareta hovudtrekka i landskapet, samt å unngå inngrep som endrar forholda i kantvegetasjonen langs vassdragsnaturen.

Vidare er det gitt i vassressursloven § 11 første ledd at det skal oppretthaldast et avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverker avrenning og gir levestad for planter og dyr langs bredda av vassdrag med årsikker vassføring. Dette er innarbeida i føresegn 1.16 e). Miljødirektøren vurderer at et utbyggingsformål i kantsona til vassførekomsten vil være i konflikt med føresegna, samt vassressursloven § 11.

Miljødirektøren viser til vurderinga av utbyggingsformål som strider med føresegn til kommunedelplanen i kapittel 4.2 om myrområde. Miljødirektøren vurderer at endringa frå LNF-formål langs kantsona til vassførekomsten til fritids- og turistformål vil komme i konflikt med rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, samt vassressursloven § 11. Miljødirektøren er ikkje einig med kommunens vurdering om at formålsendringa ikkje fører til et nytt konsekvensbilde. Miljødirektøren har vurdert dei andre samfunnsinteressene i saken, samt omsynet til det lokale sjølvstyret Etter det miljødirektøren kan sjå har ikkje kommunen beskrive lokale omsyn eller samfunnsnytte som veier tyngre enn omsynet til verna vassdrag.

Motsegn til området frå miljødirektøren kan løysast ved at kantsona langs vassførekomsten vidareføre med gjeldande arealformål, LNF-formål.

Faglege råd frå fagavdelingane til Statsforvaltaren

Fagleg råd frå landbruksavdelinga - utmarksbeite:

Av konsekvensutgreiinga kjem det fram at fleire av områda er i konflikt med område som i dag brukast til utmarksbeite. Dette gjeld særleg område FB19 (tidlegare H8) og FB21, Grostul. Beiting i utmark utnyttar fôrressursane til matproduksjon, og bidreg samstundes til å halde ved like et ope og artsrikt kulturlandskap. Å stimulere til auka bruk av utmarksressursane er derfor eitt av måla i



jordbrukspolitikken. Dei siste åra har også regjeringa auka stønaden til utmarksbeite for å styrke bruken av beiteressursane over hele landet. Landbruksdirektøren vil derfor oppfordre kommunen til å legge vekt på omsynet til utmarksbeite ved sin planlegging av arealbruk. Kommunen bør samstundes vurdere områder med allereie godkjent arealbruk som enda ikkje er utbygd i lys av jordbrukspolitikken, og tilpasse disse slik at omsynet sikrast.

Fagleg råd til føresegn til kommunedelplanen:

Føresegn 1.2 Tilhøve til reguleringsplanar og 1.16 Blå og grøne naturverdiar

Det er vedteke fleire reguleringsplanar i området som omfattast av kommunedelplanen. I føresegn 1.2 a) står det at det ved motstrid mellom kommunedelplanen og reguleringsplanar vedtatt før denne, skal reguleringsplan gjelde framfor kommunedelplan. Vidare står det at «Føresegner og retningslinjer i kommunedelplanen gjeld dersom tilsvarande tema ikkje er handsama i reguleringsplan». Denne formuleringa vil kunne skape forvirring, da kommunedelplanen inneheld ei lang rekke føresegner som dekker tema som ikkje har vært vurdert på reguleringsplannivå. Særleg vil dette gjelda for føresegn 1.16 om blå og grøne naturverdiar. Miljødirektøren anbefaler derfor at kommunen presiserer formuleringa, slik at det kommer klart fram at føresegna berre gjeld for reguleringsplanar vedtatt etter kommuneplanen.

Føresegn 1.2 b)

I planomtala side 37 står det at «detaljreguleringsplanane som no blir overstyrte av kommunedelplanen må opphevast gjennom ein eigen prosess». Planane dette gjeld er trekt frem i føresegn 1.2 b), som slår fast at kommunedelplanen skal gjelde før 7 vedteke reguleringsplanar. Miljødirektøren vurderer at intensjonen i planomtala om å oppheve reguleringsplanar som overstyrast av kommunedelplanen burde vore innarbeida i føresegna. Samtidig bør plankartet til kommunedelplanen tilpassast med grønt arealformål der reguleringsplan skal opphevast, slik at omsynet til natur og myr blir sikra i overordna plan. Dette gjeld mellom anna for område FB7, Jønbuseter, og område FB8, Kalveliane, der det er satt av areal til fritidsbustader som er i konflikt med kartlagt naturtype.

Fagleg råd til bruk av arealformålet LNF-spreidd (LSF):

I revideringa av kommunedelplanen er det lagt til rette for spreidd utbygging av fritidsbustader, og fleire område som tidlegare hadde fritidsbustadformål har nå fått arealformålet LNF-spreidd (LSF). Områda som har fått dette arealformålet er i hovudsak område med eldre fritidsbustader som ikkje bygger opp under eksisterande infrastruktur, og der det ikkje er hensiktsmessig med vidare fortetting på noverande tidspunkt. I område med LSF-formål er det opent for fleire tiltak ved eksisterande fritidsbustader, men det er ikkje tillat med utbygging av nye eller fleire fritidsbustader innanfor formålet. Miljødirektøren ser positivt på dette plangrepet, og vurderer at dette gir tydeleg signal om kommunen sine ønsker for framtidig bruk av areala på Lifjell. I planomtala er det lagt fram at område FB5, FB7, FB9, FB14 og FB18 har ei teoretisk planreserve på 0, og det er derfor ikkje mogleg med vidare utbygging innanfor disse områda. Miljødirektøren vil derfor be om at kommunen vurderer om disse områda også bør endrast til LSF-formål, slik at plankartet betre illustrerer områda der kommunen ønskjer vidare utvikling, og der det ikkje er hensiktsmessig eller kan gjennomførast i praksis.

Med helsing

Grethe Helgås (e.f.)
direktør

Tonje Katrine Vaage
rådgiver



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Telemark fylkeskommune
Norges vassdrags- og energidirektorat

Postboks 2844
Postboks 5091 Majorstua

3702 SKIEN
0301 OSLO